

# Årsplan for Sogndal studentbarnehage 2021-2022



## Kontaktinformasjon

Sogndal Studentbarnehage

Dalavegen 10

6856 Sogndal

Tlf: 901 61 334

e-post: [sogndal.barnehage@sammen.no](mailto:sogndal.barnehage@sammen.no)

# INNHALDSLISTE:

## Informasjon:

Sogndal studentbarnehage	3
Tilsette	3
Historikk	5
Utlån av barnehagen, Eksamensgaranti	5
Samarbeidspartar	5
Høgskulen på Vestlandet	6
Miljøfyrtårn, Evaluering, Observasjon	6
Oppstart og tilvenning, Kjernetid, Mat	7
Bursdagsfeiring, Sjukdom, Eksamenspass	8
<b>Foreldremedverknad</b>	<b>8</b>
Samarbeidsutvalet, Foreldrearbeidsutvalet	8
Dagleg kontakt, Foreldresamtale, Foreldremøte	9
Handtering av konflikhtar	9
<b>Satsingsområde,</b>	<b>10</b>
Livsmeistring- robuste barn og unge	10
Marte meo praktikerutdanning	11
Pedagogisk plattform, Sosial kompetanse,	12
Vennskap og fellesskap	12
Omsorg, danning, Marte Meo	13
Leik, Barns medverknad	14
Fysisk aktivitet, Dokumentasjon, Vurdering	15
Digital praksis, Kafègjengen	16
Overgang barnehage – skule	17
Sirkelen	18
<b>Arrangement:</b>	
FN-kafé, Lucia, Solfest, Barnehagedag, Akedag	19
Påskefrukost, Dugnad, 17.mai, Sommarfest	20
Stenging/ oppstart	20
<b>Fagområda:</b>	
Kunst, kultur og kreativitet	21
Natur, miljø og teknologi	21
Kropp, rørslle, mat og helse	22
Etikk, religion og filosofi	22
Kommunikasjon, språk og tekst	22
Nærmiljø og samfunn	24
Mengd, rom og form	24
<b>Årshjul</b>	<b>25</b>

## Informasjon:

### Sogndal Studentbarnehage

Sogndal Studentbarnehage er eigd og driven av Studentsamskipnaden på Vestlandet/Saman. Saman er ein velferdsorganisasjon for studentar ved Høgskulen på Vestlandet (HVL). Her i Sogndal driv Saman òg kantine, bokhandel, bustad, drift og studenthuset Meieriet.

Sogndal Studentbarnehage er ein 2-avdelings barnehage med 47 plassar. Sol er småbarnsavdelinga, og har plass til 17 barn i alderen 0-3, og Måne som er ei 3-6 års avdeling med plass til 30 barn.



## Tilsette



**Benedikte**



**Aud Jorunn**



**Bodil**





**Eli**



**Elisabeth**



**Gry**



**Gunn Berit**




**Ingvild**




**Johanne**



**Katinka**



**Lene**



**Oddny**



**Siri**



**Tiril**



**Trine**

## **Historikk**

Sogndal Studentbarnehage opna 1.mars 1995. Då hadde me lokale på 2 stadar, ein småbarnsavdeling med plass til 10 born, i Sogndal sentrum. Dei andre barna, 34 plassar, heldt til på Kjørnes. 1.august 2003 opna me eigen barnehage her i Dalavegen 10. Det er ein sentrumsbarnehage, med korte avstandar til skog, butikk, høgskule, helsestasjon, skule m.m. Barnehagen ligg lunt til i sentrum, nær skog, butikk, høgskulen, helsestasjonen, skulen m.m.

## **Utlån av barnehagen**

Barnehagen er stengt alle ettermiddagar og helgar. Barnehagen kan lånast til sosiale samankomstar, bursdagsfeiringar, dåp, konfirmasjon og liknande. Førsette har høve til å låne barnehagen gratis, de må rydde og vaske etter dykk. Kontakt styrar for å avtale lån av barnehagen.



## **Eksamensgaranti**

Dersom barnet ditt blir sjukt, eller det er planleggingsdag den dagen du skal ha eksamen, kontakt styrar så finn me ei løysing.

## **Samarbeidspartar**

Sogndal studentbarnehage har eit tett og godt samarbeid med dei ulike barnehagane, og ulike instansar som Indre Sogn PPT, helsestasjonen, Sogndal kommune, BUP og barnevern.

## Høgskulen på Vestlandet

Sogndal Studentbarnehage er øvingsbarnehage for HVL. Dette gjer at det i periodar er studentar frå ulike studieretningar. Dette synest barn og vaksne er kjekt. Barna får vera med på spanande aktivitetar, og dei tilsette får fagleg oppdatering. Studentane har teieplikt, og dersom eit av barna i barnhagen skal intervjuast eller observerast, skal dette avklarast med foreldre/føresette på førehand.

## Miljøfyrtårn

Sogndal studentbarnehage er har på nytt blitt sertifisert som miljøfyrtårn for 3 nye år 2021-2023. For å bli miljøsertifisert må ein innfri miljøkrav sett frå stiftelsen Miljøfyrtårn. Det betyr blant anna at barnehagen skal kjeldesortere, har bokashikompostering, tenkjer gjenbruk, me er med på den nasjonale ryddedagen og stor avdeling nyttar eit miljøpedagogisk verktøy kalla «Miljøagentene». Me oppfordrar føresette til òg å ha ei bevisst haldning til kjeldesortering og energibruk, og å ta med borna i arbeidet.

## Evaluering av barnehagen

Kvart år evaluerer barnehagen, saman med føresette, korleis barnehagen har fungert inneverande barnehageår. Evaluering og medverknad kan skje på mange måtar:

- Gjennom daglege samtalar med føresette, det som kjem fram blir skrivne ned og tatt med i evalueringa,
- Annakvar månad kjem Studentbarnavisa ut med personalet si evaluering av arbeidet.
- På personalmøta har me evaluering av førre periode som fast agenda
- Samarbeidsutvalet (SU) i barnehagen, bestående av representantar frå foreldre, personalet, og eigar, har eit eige evalueringsmøte på slutten av barnehageåret. Då skal både innhald og drift evaluerast. Det som kjem fram tek me med oss vidare i planlegging av neste barnehageår.  
Sjå [www.sammen.no](http://www.sammen.no) «Vurdering og dokumentasjon»

## Observasjon

I barnehagen observerer me barna for å kunne sjå utviklinga deira. Me bruker skjemaet «Alle med» som utgangspunkt. Det hjelp oss til å få betre oversikt og innsikt, og for å vidareutvikle og gi ny næring til leik og læring.

## Oppstart og tilvenning

Me ynskjer at alle barn og føresette skal få ein god oppstart, så me forsøker å setje av god tid til alle i første møte med barnehagen.

Me legg vekt på:

- Å setje av tid til å snakke med føresette om vanar og behov til den einskilde.
- Å lære inn nye rutinar i barnehagen
- Å få i gang ein god leik med dei andre barna.

I barnehagen må alle ha med seg:

- Bleier (ikkje up&go)
- Sklisokker/tøflar
- Ekstra byteklede, gjerne to sett
- Skotøy og klede etter årstid
- Mat og frukt

## Kjernetid

Kjernetida i barnehagen er frå 09.30 – 14.00. Me ynskjer at de gir oss beskjed, dersom barnet kjem seinare/henta tidlegare, då kjernetida blir brukt til aktivitetar, planlagde/spontane turar og liknande.

## Mat

Barna får mjølk og frukt i barnehagen, frukt et me to gonger for dagen. Ein dag i veka serverer me varm mat, dette er stort sett fredagane. Dei andre dagane må barna ha med eigen matpakke.



## **Bursdagsfeiring**

I barnehagen blir alle barn feira på bursdagen sin, det blir hengt ut flagg, bilete og ballongar utanfor inngangen til avdelinga. Korleis ein markerer det på kvar avdeling er ulikt, snakk med personalet på din avdeling om korleis ein markerer det.

## **Sjukdom**

Dersom barnet er sjukt, ynskjer me å få melding om dette innan 09.00. Dette for å kunne planlegge dagen og disponere bemanninga best mogleg. Barnehagen følgjer Folkehelseinstituttet sine retningslinjer når det gjeld sjukdom, og tek kontakt med føresette og har god dialog der dersom eit barn blir sjuk i barnehagen. Sjå [www.sammen.no](http://www.sammen.no) «Barnehage og smittevern» for meir informasjon.

## **Eksamenspass**

Barnehagen opnar opp for barnepass i eksamensperiodar. Det vil bli gitt ut lappar til dei det gjeld.

## **Foreldremedverknad**

To omgrep i lova, *forståing og samarbeid*, dekker ulike sider ved kontakten mellom barnehage og føresette. Med forståing meiner me gjensidig respekt for kvarandre, og ansvar og oppgåver knytt til barnet. Med samarbeid meiner me regelmessig kontakt, der ein utvekslar erfaring og meining. Samarbeidet mellom føresette og personale skal gi føresette moglegheit til å byggje ei naudsynt, gjensidig forståing for dei dilemma som kan oppstå, når omsynet til enkeltbarnet må sjåast i samanheng med forhold i barnegruppa. Føresette blir sikra medverknad gjennom deltaking i Foreldrerådsutval og Samarbeidsutvalet.

## **Foreldreråd og samarbeidsutval**

Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til føresette og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø (Rammeplanen 2017 s.30). Foreldrerådet er satt saman av ein foreldrerepresentant kvar frå Sol og Stjerne, og to frå Måne. Styrar kallar inn til det første møtet.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet skal få inn saker som er viktige for innhaldet i og



verksemda til barnehagen, og for forholdet til føresette. Samarbeidsutvalet er satt saman av 2 representantar frå foreldregruppa, 2 frå personalet, styrar som sit som eigars representant. Styrar kallar inn til første møte.

## **Dagleg kontakt**

Den kontakten som skjer dagleg, er den viktigaste kontakten mellom føresette og barnehagen. Meldingar og hendingar frå både heim og barnehage kan forteljast om, små og store ting som har eller kan ha, påverknad på barnas kvardag.

Andre situasjonar som kan påverka til eit god kontakt og samarbeid mellom heim og barnehage er:

- foreldrekaffi/middag/basar
- dugnad i barnehagen.

## **Foreldresamtalar**

Alle føresette får tilbod om samtale minimum ein gang i året. For nye barn blir det sett opp samtaler i oktober/november, og for dei andre blir det satt opp samtale på nyåret. Dersom det er behov for ein ekstra samtale, frå føresette eller personalet, set ein opp tid til det.

## **Foreldremøte**

Barnehagen arrangerer foreldremøte i september, der går me gjennom kva barnehagen skal jobbe med, praktiske opplysingar, ein har eksterne føredragshaldarar og liknande.

Barnehagen set opp barnepass for studentane slik at dei skal ha mogelegheit for å møte på foreldremøte.

## **Handtering av konflikhtar**

Dersom det skulle oppstå konflikhtar, og ein har vanskar med å løyse den, har barnehagen laga ei skjematisk oversikt over korleis ein skal gå fram. Sjå [www.sammen.no](http://www.sammen.no) «Konflikthandtering»

## **Satsingsområde 2021-2022**

Kvart år har barnehagen eit satsingsområde. Dette er tema me er forplikta til å jobbe med, saman med dei andre barnehagane i kommunen. Kurs og opplegg i barnehagen blir påverka av desse satsingsområda. Meir informasjon finn de på [www.sogndal.kommune.no](http://www.sogndal.kommune.no)

### **Livsmeistring – robuste barn og unge**

Tema for inneverande barnehageår vil vere Livsmeistring – robuste barn og unge. Temaet vil vere felles for alle barnehagane i indre Sogn. Satsingsområde er forankra i strategiplanen for Sogndal kommune (2022-2030).

Bakgrunnen for dette temaet er at ein ser stadig fleire barn og unge som strevar psykisk. Det er ikkje lett å vokse opp i dagens samfunn med alle den påverknaden ein får av sosiale media og samfunnet rundt oss. Arbeidet med å gjere barn meir robuste til å stå imot press, stå støtt i seg sjølv og vere tøff nok til å ta eigne val, det må starte allereie i barnehagen.

Frå 2022 vil det regionale utviklingsprogrammet arbeide vidare med auka læringsutbytte for alle, under paraplyen «Livsmeistring gjennom styrka tilpassa og inkluderande opplæring». FN sine 17 berekraftsmål med særleg vekt på god helse, god utdanning og arbeid for ei varig levedyktig jord gjev sentrale føringar. Arbeidet i regionen må vere langsiktig og det har teke inn i seg nasjonale føringar og regionale prioriteringar og byggjer på premissane i vedteke verdigrunnlag og Meld. St. 6 (2019-2020) Tett på - tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og skulefritidsordning: - Aktiv, kreativ og kritisk elevrolle - Breitt kompetanseomgrep - Innovasjon og entreprenørskap - Profesjonsfellesskap som utviklar ny praksis(regional plan s:3)

I Rammeplanen står det i kapittelet om barnehagen sitt verdigrunnlag, at personalet skal fremje livsmeistring, psykisk helse og ei kjensle av eigenverd.

Desse tre punkta har grobotn i voksen – barn relasjonen, positive og nære relasjonar mellom barn og vaksne er av stor betydning for utviklinga av sjølvkjensle, god psykisk helse.

Det er derfor naturleg å bruke desse relasjonane som eit verktøy i å styrke barn i deira utvikling av robustheit – styrke og ein viss motstandskraft. I dette arbeidet er det viktig å ha fokus på å heva barn sin kompetanse, meistring og utvikle eit godt sjølvbilete.

For å styrka barn sin robustheit må dei bli sett, høyrte og forstått for den dei er, og ikkje kva dei gjere. Me bekreftar barna positivt på handlingar, ved å setje ord på positive eigenskapar. Som t.d. «så flott, du er ein som hjelper du».

Me vaksne i barnehagen skal:

- Synleggjera, trygga og anerkjenna barna
- Hjelpa dei å regulera kjensler
- Støtta dei gjennom sorg og skuffelsar (dette er viktig lærdom som alle barn må lære seg å handtere)
- Hjelpa dei til å leika og meistra.

I vår barnehagen er me opptekne av eit godt første møte, og at alle, så langt det let seg gjera, skal bli møtt i garderoben når dei kjem. Dei skal kjenne seg verdifulle allereie der. Me skal vere på golvet saman med barna, me justerer oss etter dei, har felles fokus, deler gleder og sorger, er tilgjengelege for barna når dei har behov for det. Me set ord på kjensler, ser på bilete saman, snakkar om, og namngir i situasjonar («Kari blei skikkeleg glad når du delte bilane dine med ho, det var omtenkamt gjort av deg, du er ein som deler du»).

Vi vil gjennom leik, både i formelle og uformelle situasjonar ha dette temaet med oss. Vi vil bruke Kari Lamer sin teori om korleis jobbe med sosial kompetanse.

(Sjå desse dokumenta på nett). Benedikte og Trine er no ferdig utdanna Marte Meo-terapeuter, og ein vil òg bruke dette på å styrke relasjon mellom barn og vaksne. Fokus på godt samspel vil vera med på å utvikle gode relasjonar mellom born og vaksne, og det vil kunne bidra til eit meir inkluderande barnhagemiljø og betre den psykisk helsa blant barn og unge.

## **Marte Meo praktikerutdanning**

Frå januar 2021 skal personalet i gong med eit 3 semesters kompetansehevingsprosjekt i regi av Saman. Saman sine barnehagar skal implementera Marte Meo hjå alle sine barnehagar og tilsette. Me vil derfor gjennom planleggingsdagar og personalmøte auka kompetansen til dei tilsette, utdanninga av praktisar skal bli ein del av arbeidet med vår bedriftskultur og fagspråk. Målet er at synet på barn, haldningane og omgrepa i Marte Meo skal gjennomsyra barnehagen sin kultur og språk.

Utdanninga vil bli gjennomført ved at Benedikte og Trine har kvar si gruppe med personalet, der ein har dialog rundt filmar som viser dei ulike elementa Marte Meo byggjer på. Ein skal bruke ei samling pr. element, og dei blir gått gjennom i fastsett rekkefølge. Ein ser difor filmene med fokus på dei aktuelle elementet.

## Studentbarnehagen si pedagogiske plattform

Årsplanen skal byggje på Rammeplan for barnehagen, dei felles kommunale satsingsområda, og barnehagen sine egne utviklingsplanar og satsingsområde. Me skal ta omsyn til barnegruppa, enkeltbarn, føresette, personalressursar, bygningar, uteleikeklassen, nærområdet til barnehagen og økonomi.

### Vår hovudmålsetjing

I vår barnehage vil me at borna skal stå i fokus. Dei skal oppleve ein tryggleik og ein omsorg, som gjer at dei kan utvikle seg individuelt, og saman med andre. Me skal ha respekt for at me er ulike, og me skal alle ha eit ansvar for kvarandre.

Foreldra skal oppleve barnehagen som ein stad der borna trivst, medan dei sjølve er i ein travel *studie- og arbeidskvardag*. Foreldra skal oppleve at deira born får seie si meining, og bli teken på alvor av personalet

## Sosial kompetanse

For å jobbe mot våre verdier i barnehagen, nyttar vi oss av teoriane til Kari Lamer i alle situasjonar i barnehagekvardagen. Utvikling av sosiale dugleikar skjer i leik, i samspel mellom barn – vaksne, i samspel mellom barn – barn, i rutinesituasjonar, og i vaksenstyrte aktivitetar. Personalet i barnehagen er rollemodellar i alt me gjere, og skal gjennom eigen veremåte bidra til auka sosial kompetanse hjå barna.

Viktige eigenskapar me tek utgangspunkt i er:

- Empati
- Prososial handling
- Sjølvhevdning
- Sjølvkontroll
- Leik, glede og humor
- Problemløysing

## Vennskap og fellesskap

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskap og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel (Rammeplan 2017 s.22). Det er viktig for alle barn å kjenne at ein er viktig for fellesskapet, og å vere i eit positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen har ei særskild viktig oppgåve i å aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap.

*Det du trur om meg, slik du er mot meg, korleis du ser på meg, kva du gjer mot meg – slik blir eg.*



## **Omsorg**

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik (Rammeplan 2017 s. 19). For å nå dette må personalet i vår barnehage bidra til å dekkje barna sitt behov for omsorg, inkludert behovet for ro og kvile. Omsorg er alle handlingar som er knytt til stell og pleie, og som har ei psykisk side. Omsorg er når personalet er lydhøyre og nære, og har evne og vilje til samspel. Omsorg skal prege alle situasjonar i barnehagen sitt indre liv. Personalet i barnehagen skal ta vare på barna, me skal beskytte barna, og sjå deira behov. Me kan sjå omsorg i dei grunnleggjande aktivitetane som det å skifte bleier, trøyste eit barn, eller å lage eit hyggjeleg måltid. Me stiller krav til at personalet er merksame og opne for det unike i kvart einskild barn. Dette krev at personalet er bevisst si rolle og jobbar systematisk for heile tida å utvikle sin omsorgspraksis. Omsorg er ein naudsynt føresetnad for all læring.

## **Danning**

I barnehagen sine styringsdokument har omgrepet danning erstatte omgrepet oppdraging. Danning er ein livslang prosess som mellom anna handlar om å oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda, og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap (Rammeplan 2017 s. 21).

I barnehagen skal me byggje opp kjensla av samhald og solidaritet. Me skal samstundes verdsetje individuelle uttrykk og handlingar, og det unike i kvart einskild barn. Personalet i barnehagen har ei viktig oppgåve saman med barna, der dei reflekterer over korleis våre handlingar har innverknad på samfunnet rundt oss.

## **Marte Meo**

I Sammen Barnehagane nyttar ein Marte Meo jamleg til rettleiing av personalet. Marte Meo er ein metode der ein nyttar video og visuelle bilete av samspel som utgangspunkt for rettleiing. Metoden er ein praktisk modell til utvikling av nye dugleikar i det daglege samspelet med barn. Dei visuelle bilda gir oss konkret informasjon "skritt for skritt" om kva som skjer i samspelet, samstundes som metoden gir oss ei moglegheit til å binde saman teori og praksis.

Hensikten med å bruke metoden i arbeidet vårt er å få:

- auka kunnskap om samspel
- betre og sterkare kvalitet på samspelet
- felles forståing for prinsippa for støttende kommunikasjon

- større forståing og innsikt i det enkelte barnet
- utviklet evna til observasjon
- reflektera over eiga rolle i møte med det einskilde barn

## **Leik**

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast (Rammeplan 2017 s. 20). Me skal sjå til at leik og venskap får gode vilkår. I Rammeplan står det at leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Å få delta i leik, og få vener er grunnleggande for barna sin trivsel, og for å få ein meningsfull kvardag i barnehagen. Leiken har mange uttrykksformer som kan føre til forståing og venskap på tvers av alder, språkleg og kulturell ulikskap. I barnehagen snakkar me ofte om den formelle og den uformelle leiken. Den formelle der vaksne har planlagt og lagt rammer, og den uformelle der barna sjølv planlegg og er deltakande. I begge typar leik er vaksenrolla viktig, me skal vere der og observere, støtte, delta, rettleie, og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken, og alltid på barna sine premissar.

Det er gjennom leiken at barn lærer og erfarer.



Lær med kroppen og det sit i hovudet

## **Barna si medverknad**

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gi uttrykk til kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. Barnehagelova §§1 og 3, grunnlova §104, og FNs barnekonvensjon art.12 nr.1.

I dette arbeidet må personalet i barnehagen vera sær s bevisste på dei ulike uttrykksformene til barna, og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadane og behova til barna. Eit viktig poeng er òg at barna ikkje skal få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.

## **Fysisk aktivitet**

Barnehageåret 2019-2021 vart Sogndal Studentbarnehage med i forskings- og utviklingsprosjektet ACTNOW (Active Learning Norwegian Preschool(er)s. Prosjektet gjekk over 2 år, 2019-2021. Målet var å utvikle ein effektiv og berekraftig modell for kompetanseutvikling for personale i barnehagen for å auke fysisk aktivitet i barnehagen, fremje fysisk aktivitet i samfunnet, betre barn si helse og utvikling og redusere sosial ulikskap i helse og utvikling gjennom tidleg innsats.

Prosjektet er no avslutta, og det ein sit att med er sjølvstekt ei auka bevisstheit for fysisk aktivitet. Ein er blitt betre på å sjå moglegheit for fysisk aktivitet i enda fleire situasjonar enn tidlegare. Det kan vere så enkelt at me skal hoppe, krabbe eller krype frå garderoben og inn på badet, og å sjå fysisk aktivitet som ein del av tema me jobbar med. Me er òg blitt betre på å sjå moglegheitene uteområdet vårt kan by på. Å kravle seg opp bakken, gjennom bukser og småtrær, bruke heile kroppen på å komme seg opp, for så å skli ned for å begynne på nytt. Å vere ein vaksen som er til stade for å støtte og heie ungane fram, for å vere der å dele glede og stoltheit og meistringskjensle dei får når dei endeleg klarte å komme seg til toppen – den er uvurderleg.

Å vera fysisk aktiv saman er relasjonsbyggjande, det gir oss mykje glede og latter saman. Ein ser òg at fysisk aktivitet utviklar relasjonane på tvers av aldersgrupper.

## **Dokumentasjon**

Dokumentasjon er med på å gi føresette informasjon om kva barna opplever, lærer og gjer i barnehagen, og det synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Me vil bruke bilete for å dokumentere arbeidet vårt, og barnas kvardag i barnehagen. Desse bildedokumentasjonane heng i garderoben på døra. Barn har rett til vern om sin personlege identitet. Eit etisk perspektiv skal difor ligge til grunn ved dokumentasjon av barnegruppa eller enkeltbarn.

## **Vurdering**

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet, vurderingsarbeidet skal byggje på felles refleksjonar frå heile personalgruppa. I barnehagen løyser me det slik at det er avsett tid både på avdelingsmøte og personalmøte til evaluering og vurdering. Samstundes som ein skal evaluere det pedagogiske arbeidet, skal ein òg observere enkeltbarn og heile barnegruppa, og vurdere trivsel og allsidig utvikling.

## **Digital praksis**

*«Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosesser og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barna» Rammeplan 2017, s.44*

Gjennom Rammeplan er barnehagen forplikta til å jobbe med digitale verktøy. Me skal bruke digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet, og i desse prosessane skal alltid vaksne vere aktive saman med borna. Me skal leggje til rette for utforsking, leik, læring og sjå til at barna sjølve er med å skape noko. Det er dei vaksne sitt ansvar å utvise digital dømmekraft, vurdere om bruken er relevant og eigna, og bidra til at barna utviklar ei sunn haldning til bruken at digitale verktøy og dømmekraft knytt til dette.

Hjå oss i Studentbarnehagen nyttar me iPad og Prowise i dette arbeidet. Me har tilgang til t.d. Salaby, som pedagogisk materiell, og ulike program på Prowise som ein kan nytte seg av. TV-program, som t.d. «Bli med heim», «Sånn er jeg, og sånn er det» og «Planetpatruljen», blir nytta inn mot opplegg på avdelingane, for å skape forståing, synleggjere mangfald, utvikle respekt og toleranse, og skape engasjement.

Det er forskjell på bruken av digitale verktøy på Sol/Stjerne og Måne, det er naturleg at digitale verktøy blir brukt meir med dei eldste, som kan vere meir delaktige i bruken.

Nyttig nettside for oss vaksne om barns digitale kvardag:

<https://medietilsynet.no/barn-og-medier/>

## **Kafègjengen**

Dei eldste i barnehagen blir medlemar av kafègjengen når me startar opp att om hausten. Dette er ei forlenging av pilotprosjekt kalla «Entreprenørskap i barnehagen» som starta i 2006. Kafègjengen er med på matlaging, organisering i samband med arrangement, og er med å ha ansvar for åkeren vår. Meir informasjon finn de på [www.sammen.no](http://www.sammen.no) «Tema for barnehageåret»

Etter nyttår byrjar ein jobbe systematisk med dei som skal byrje på skulen. Ein har fokus på å bli sjølvstendig, besøker Trudvang for å bli kjent med området der, ein spelar spel, øver på å følgje reglar og vente på tur. I tillegg har ein ulike skuleførebuande aktivitetar, som t.d. å øve på blyantgrep, og bordaktivitetar som høver gruppa. Meir informasjon finn de på [www.sammen.no](http://www.sammen.no) « plan for overgang barnehage – skule



## **Overgangen mellom barnehage og skule**

Barnehagen skal i samarbeid med føresette og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt skulefritidsordning. Barnehage og skule bør utveksle kunnskap og informasjon som kan hjelpe på overgangen, og starten på skulen. For å gjere dette må barnehagen hente inn samtykke frå føresette.

Barnehagen tek utgangspunkt i Sogndal kommune sin «plan for overgang barnehage - skule», og har eit godt samarbeid med Trudvang.

På våren vil det bli lagt opp til at skulestartarane får besøke skulen ved fleire høve, gjennom formelle turar planlagt av skulen, og spontane turar på skulen sitt uteområde.


Føresette som har barn som skal starte på skulen, får informasjon gjennom barnehagen.

### **Skulestartarane**

På slutten av året vil det bli fleire turar til skulen, og andre stadar i nærområdet. Skulestartarane skal ha ei felles avslutning på slutten av barnehageåret. Dette vil gå føre seg på ettermiddag. Ein vil òg freiste å avtale treff/felles turar med andre skulestartarar i andre barnehagar.

## Sirkelen

Me bruker sirkelen for å illustrere barna sin verden i barnehagen. Her ser ein barnet sine behov og dei vaksne sine oppgåver. Den vaksne er «kilen» inn til barnet, og skal vere pålen som ser barnets behov, støtter og stimulerer dei i utviklinga.



## **Arrangement:**

### **FN-kafè**

Kvart år i oktober arrangerer barnehagen FN-kafè. Me inviterer alle foreldre til kafè der me sel kaffi, kaker, og diverse me har laga/dyrka i barnehagen, i tillegg til symbolske gåver me får frå Forut. Inntektene går til Forut sin barneaksjon. Forut har eit pedagogisk opplegg som stor avdeling alltid følgjer fram mot kafeen. I det pedagogiske opplegget lærer dei om korleis barn i andre land lever. Dette gir kunnskap om globale forskjellar, ulikskap og samanhengar på eit nivå som barn i Norge forstår og synest er spanande.

### **Lucia**

13. desember er det Lucia-markering i barnehagen. Tradisjonen har tidlegare vore servering av lussekattar og gløgg inne på morgonen, medan barna gjekk i Luciatog gjennom barnehagen. Covid-19 tvang oss til å tenke nytt, så i 2020 vart Lucia markert utandørs, med same serveringa. Me opplevde dette som stemningsfullt, og ynskjer difor å gjere dette til vår nye tradisjon.

### **Solfest**

Solfest er ein fast tradisjon i vår barnehage, då er heile barnehagen med på å feire at sola er komen attende. Me markerer at me går mot lysare tider, og at naturen byrjar vakne til liv att. Dei vaksne dramatiserer møtet mellom kong Vinter og dronning Sol, me kler oss alle i gult, syng og dansar.

### **Barnehagedagen**

I mars/april blir «Barnehagedagen» markert kvart år. Tema for barnehagedagen er ulikt frå år til år, og det avgjer korleis me vel å markere dagen.

### **Akedag**

Kvart år reiser me til Hodlekve for å ake og leike i snøen, me har med pølser, varm saft eller kakao, og kanskje blir det ein liten godteribit til alle. Denne dagen leiger barnehagen buss. Det kan vere aktuelt at dei yngste borna blir i barnehagen.

## **Påskefrokost**

Siste veka før påske inviterer me alle føresette til frukost i barnehagen. Kafégjengen har ansvar for å vere med på å handle inn og lage til. Me inviterer òg ordføraren, tenesteleiar for barnehagane i kommunen, og representantar frå samskipnaden.

## **Dugnad**

Ein ettermiddag i mai arrangerer barnehagen dugnad. Me håpar då at alle kan setje av rundt 30 minutt ved henting, til å hjelpe til med enkle oppgåver som å rake, skrape maling, klyppa gras, vende sand i sandkassa. Barnehagen stiller med enkel servering.

## **17.mai**

Før 17.mai øver me på å gå i tog, me øver på nasjonalsongen, ser på flagget og historia rundt kvifor me kan feire nasjonaldagen vår. Me feirar dagen med å gå i tog, ete rømmegraut og spekemat, og synge «Ja, vi elsker». Sjølve nasjonaldagen er det FAU som har ansvar for å bære fana i barnetoget. Dersom det er ynskjeleg kan FAU òg ta initiativ til ei samling i barnehagen.

## **Sommarfest**

Kvart år arrangerer barnehagen sommarfest på slutten av barnehageåret. Føresette tek med seg grillmat, barnehagen ordnar med store grillar. Kafégjengen hjelper til med å lage salat og fruktfat. Festen startar på ettermiddag, med litt underhaldning, og presentasjon av kommande kafégjeng.

## **Stenging og oppstart**

Studentbarnehagen har sommarstengt i veke 28,29,30. Nytt barnehageår startar måndag 1.august. Barnehagen opnar 07.15 og stenger 16.15 måndag til fredag. Mellom jul og nyttår og i påskeveka er barnehagen stengt.



## Fagområda

Barnehagen vil gjennom heile året jobbe med alle fagområda. I nokre månader har me ekstra fokus på eit einskild område. Meir informasjon finn du på [www.sammen.no](http://www.sammen.no) «Periodebestemt emneplan»

### Kunst, kultur og kreativitet

Dette fagområdet tek føre seg uttrykksformer som biletkunst og kunsthåndverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design. Barnehagen skal la barna møte ulike kunstariske og kulturelle uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar. Personalet i barnehagen skal stimulere nysgjerrigheit, utvide forståinga deira, og bidra til undring. Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen skal leggje grunnlag for tilhøyrslø, deltaking og eige skapande arbeid. Barna skal støttast i å vera aktive og skape eigne kunstariske og kulturelle uttrykk.

Døme på korleis me jobbar med dette i vår barnehage

Dagleg er me gjennom fleire av dei estetiske faga i barnehagen. Det er naturleg for born å uttrykkje seg gjennom dette fagområdet. I barnehagen vil barn ha tilgang på bilete, musikk, instrument, utkleddingsklede og variert formingsutstyr. Det er ofte gjennom dei estetiske faga me tileignar oss ny lærdom og får utløp for kjensler. Me oppmodar barna til å «gå inn i denne verda».

Sjå [www.sammen.no](http://www.sammen.no) «fagområda» for meir informasjon.

### Natur, miljø og teknologi

Naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i all slags vêt. I arbeidet med dette fagområdet skal barnehagen bidra til at barna blir glade i å ferdast i, og vere ute i naturen. Me skal gje dei erfaringar med naturen som

Døme på korleis me jobbar med dette i vår barnehage:

Barn heilt ned i småbarnsalder undrar seg over enkle naturfenomen, slik som is/snø som smeltar, sjå frø som veks m.m.

På stor avdeling er forskning veldig spennande, og det er berre fantasien til dei vaksne som stoppar for kva me kan halde på med.

Etter å ha jobba med pilotprosjektet "Entreprenørskap i barnehagen" har me sett kor viktig det er at barna får vera med i heile prosessar, dette for å fremja kunnskap om korleis samfunnet heng saman. Eit døme på dette kan vere at dei plantar i kjøkkenhagen, tek vare på og vatnar plantene, dei haustar, dei behandlar produktet fram til dei foredlar, sel eller serverer produktet. Me snakkar om det som skjer i matproduksjon, om liv og død, dei er mykje ute til alle årstider og opplev naturen i endring

For meir informasjon, sjå [www.sammen.no](http://www.sammen.no) «Fagområda»

fremjar evna til å vera i naturen til alle årstider. Gjennom dette skal me òg bidra til at barna får forståing for eigenarten til naturen, og fremje vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet, og bidra til berekraftig utvikling.

Barnehagen skal leggje til rette for at barna får oppleve at naturen er ein arena for lek og læring, me skal støtte opp om barna si undring til kva som skjer i naturen.

## **Kropp, rørsle, mat og helse**

Vanar og handlingsmønster tek form alt frå tidleg alder av. Gode vanar som ein tileignar seg i barnehagealder, kan vare livet ut. Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære, og psykisk og fysisk helse. Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine egne og andre sine grenser. Barn sin kontakt med andre startar ofte med kroppslege signal og aktivitetar, dette har betydning for utvikling av sosial kompetanse. Veksling mellom aktivitet og kvile, og eit sunt og variert kosthald, er av stor betydning for å utvikle ein sunn kropp.

### Døme på korleis me jobbar med dette i vår barnehage

Me freistar organisere dagen, slik at det blir veksling mellom periodar med aktivitet, kvile, mat og frukt. Me legg aktivitetane på eit nivå så alle kan meistre, ein fin balanse mellom meistring og utfordring. Me går turar i nærområdet for å gi barna utfordringar dei ikkje får på uteområdet vårt. Dei vaksne si rolle blir å oppmuntre og oppfordre barna til å vera fysisk aktive i trygge omgjevnader. I studentbarnehagen skal barna få utfordringar tilpassa alder, det er viktig for oss å sjå at alle born får oppleve meistringskjensle. Sjå [www.sammen.no](http://www.sammen.no) «Fagområde» for meir informasjon.

## **Etikk, religion og filosofi**

Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis me oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar. Fagområdet set særleg fokus på barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i eit samfunn som er prega av livssynsmangfald.

Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi. Me skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske. Gjennom undring og samtale over eksistensielle og etiske spørsmål, skal me leggje grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft.

Døme på korleis me jobbar med dette i vår barnehage:

Studentbarnehagen driv etter gjeldande lover og reglar. Fram mot julehøgtida er fokus på å roe ned, og å glede andre. Me syng julesongar, bakar kaker, lagar gåver og pynt. Me freistar å formidle den kulturelle tradisjonen i samband med Lucia, jul og påske. Me inviterer til gløggfest på Lucia, for barna arrangerer me nissegrautfest, og før påske arrangerer me frukost. Dersom ein har barn med ein anna kulturell og religiøs bakgrunn, ynskjer me å formidle og markere dette. For meir informasjon, sjå [www.sammen.no](http://www.sammen.no) «fagområda»

## **Kommunikasjon, språk og tekst**

Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehagen sitt innhald. Både den non-verbale og verbale kommunikasjonen er viktig for å utvikle eit godt munnleg språk. Barnehagen skal bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer. I barnehagen skal barna møte ulike språkformer og dialektar gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Personalet i barnehagen må samtale med barna om opplevingar, tankar og kjensler, dette er naudsynt for å utvikle eit rikt språk.

Døme på korleis me jobbar med dette i vår barnehage

For å få på plass god kommunikasjon, treng ein vaksne som er stabile og trygge, og som tek seg tid til å snakke *med* barna, både verbalt og non-verbalt. Me kommuniserer heile dagen, gjennom lek, song, undring og refleksjon.

For meir informasjon, sjå [www.sammen.no](http://www.sammen.no) «fagområda»

## **Eventyr**

Det er fast tradisjon i studentbarnehagen å jobbe ekstra med fagområdet språk, tekst og kommunikasjon, i januar/februar. Ein fortel ulike eventyr, syng og dramatiserer, og syner dette for kvarandre som avslutning. Dette arbeidet gir barna næring til å utvikle leiken, dei lærer nye omgrep, og dette gir igjen næring til språkutviklinga.

## Nærmiljø og samfunn

Barnas medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med sitt eige nærmiljø, samfunn og verda, gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar. Barnehagen skal leggje vekt på å styrke kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhøyrse til nærmiljøet. Kulturelt mangfald, ulike levemåtar, og forskjellige familieformer er ein del av fagområdet, det omfattar òg kjennskap til samisk språk, kultur og tradisjon, og kjennskap til nasjonale minoritetar.

Døme på korleis me jobbar med dette i vår barnehage:

Som nemnt tidlegare har barnehagen vore med på prosjektet «entreprenørskap i barnehagen», noko som gjer at barnehagen er bevisst på å lære og forklare at vi alle er ein del av noko større, me må alle bidra, og me er alle viktige i ein større samanheng. Barna opplever demokratiet sine spelereglar, me er alle like mykje verdt, sjølv om me er ulike, det er lov å vera ulike og meine ulike ting. For meir informasjon sjå [www.sammen.no](http://www.sammen.no) «fagområda»

## Mengd, rom og form

Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar, og hjelper barn til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved sjølvve vera kreative og skapande. Arbeidet med fagområdet skal stimulere barna til undring, nysgjerrigheit og motivasjon for problemløysing. Fagområdet omfattar leikande og undersøkjande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling.

Døme på korleis me jobbar med dette i vår barnehage

Barnehagen har ulike leiker og hjelpemiddel som fremjar leik med tal og form, barna får nytte ulike spel, teknologi, klossar og formingsmateriell som kan fremje den matematiske undringa. Personalet er bevisst bruken av matematiske omgrep, og me freistar stimulere til matematiske glede i leiken. Me snakkar om ulike størrelsar og former, me tel og veg ting. Meir informasjon finn de på [www.sammen.no](http://www.sammen.no) «fagområda».



## Årshjul

